



Handlingsplan Vald i nære relasjonar

2016-2019

Utarbeida i samarbeid med kommunane; Bokn, Karmøy, Tysvær, Sveio, Sauda,
Suldal, Etne, Vindafjord og Utsira

Innhald

1.0 Mål og tiltaksplan

2.0 Innleiing

2.1 Bakgrunn

2.2 Visjon for kommunane

2.3 Kort om kommunane

2.4 Om handlingsplanen

2.4.1 Mål og mandat

2.4.2 Prosjektorganisering

2.4.3 Målgruppe for handlingsplanen

2.5 Definisjonar

2.5.1 Kva er vald?

2.5.2 Ulike typar vald

2.6 Statleg arbeid, nasjonale meldingar og føringar

2.7 Kommunane sitt ansvar

3.0 Kunnskapsgrunnlag for handlingsplanen

3.1 Dagens utfordringsbilete

3.1.1 Status Noreg

3.2 Valden sin særlege karakter

3.3 Verknader av vald og seksuelle overgrep

3.4 Formelle bestemmelsar

3.4.1 Regelverk – forholdet mellom forvaltningslova og særlovgivinga

3.4.2 Teieplikt

3.4.3 Unnatak frå teieplikten

3.4.4 Opplysningsplikta til Barnevernstenesta

3.4.5 Politiet si opplysningsplikt

3.5 Plikt til å melde eller på anna måte avverge alvorlege forbrytelsar

4.0 Samhandling og førebygging

4.1 Samhandling

4.2 Førebygging

5.0 Eksisterande tilbod i Haugalandsregionen

6.0 Ressursliste

7.0 Evaluering og rullering

VEDLEGG

- **Tiltakskort ved mistanke om vald i nære relasjonar**

1 Barn

2 Vaksne

3 Eldre

4 Funksjonshemma

- **Rettleing for dokumentasjon av bekymring for at nokon er utsett for seksuelle overgrep eller vald**

1. Mål og tiltaksplan

Mål	Tiltak	Kva	Kommune
Auka kompetanse om vald i kommunane	1. Oppnemning av ressurspersonar* i kommunen.	Kommunen oppnemner nokre (avhengig av kommunestorleik) ressurspersonar* som skal ha noko meir spissa kompetanse om vald og kvar ein kan få meir bistand.	Utsira, Bokn, Suldal, Karmøy, Vindafjord, Sauda
	2. Auka generell kompetanse om Vald i nære relasjonar for dei som arbeider nærmast med utsette grupper.	Årleg kurstilbod (hausten frå RVTS) for tilsette som arbeidar tett på grupper som vere utsett for vald.	Bokn, Suldal, Vindafjord, Etne, Sauda
	3. Spesifikk kompetanseheving for ressurspersonar i kommunen	Årleg kurstilbod (hausten frå RVTS) for ressurspersonar for meir spissa kompetanse.	Suldal, Vindafjord, Karmøy, Sauda
	4. Kommunal tverrfagleg kompetanseheving for alle aktuelle instansar i kommunen	Eit kurstilbod (RVTS) som omfattar tverrfagleg heilskapleg kompetanseheving (Trygg modellen)	Suldal, Utsira, Sauda
	5. Kompetanseheving ift vald mot eldre.	Gjennomgang av filmar på www.vernforeldre.no Auka kompetanse for tilsette som arbeidar med eldre.	Suldal, Bokn, Sveio, Karmøy, Sauda
Auka fokus på førebygging av vald i kommunane	6. Systematisk gjennomgang av rutinar for melding til barnevern/politi.	Sikre at alle tilsette barnehagar, skular og andre som arbeider med barn og unge er kjent med pliktar gjeve i lov for offentleg tilsette ved å gjennomgå interne rutinar.	Suldal, Bokn, Sveio, Etne, Utsira, Karmøy, Vindafjord, Sauda
Auka fokus på avdekking av vald og tilgjengelege hjelpeinstansar	7. Oppretting av kommunale konsultasjonsteam*	Sikre at tilsette kan drøfte uro med tverrfagleg kompetanse og få bistand til kva ein skal gjer vidare.	Sveio, Suldal, Sauda

***Ressurspersonar** – Med ressurspersonar er det meint at kommunane oppnemner nokon med særleg interesse og kompetanse til funksjonen, som andre tilsette i kommunen kan vende seg til for rådføring. Det er meint at desse personane kan vere ein ressurs ein kan drøfte med, og gje bistand til kor ein skal ta kontakt vidare i saka.

***Konsultasjonsteam**- Konsultasjonsteam er ei kommunal gruppe av tilsette med tverrfagleg kompetanse kor andre tilsette kan innkalle og drøfte ei uro eller hending (anonymt). Gruppa vil saman drøfte saka og gje bistand til korleis ein kan handtere saka vidare.

2.0 Innleiing

Vald i nære relasjonar er alvorleg kriminalitet, et angrep på grunnleggande menneskerettar, og eit folkehelseproblem. Valden har eige uttrykk og omfattar fysiske, psykiske, seksuelle og materielle overgrep mot ein person som valdsutøvaren har ein nær relasjon til. Det kan handle om overgrep mot barn, noværande eller tidlegare kjæreste, sambuar eller ektefelle, men og andre i nær relasjon herunder eldre og funksjonshemma. Det kan være barn, barnebarn eller andre nære slektingers overgrep mot eldre, det kan gjelde barn som opplever vald i familien og det kan handle om tvangsekteskap og kjønnslemlestelse. I ytterste konsekvens tar denne valden liv. Vald i nære relasjonar er inga privatsak, men eit samfunnsansvar.

2.1 Bakgrunn

Rådmannsgruppa på haugalandet har bedt om at kommunene utarbeider en handlingsplan: «Vald i nære relasjonar». Henvendelsen kom til Helseledernetverket for dei haugalandskommunane som ikkje hadde slik plan. Denne planen omhandlar Vald i nære relasjonar og har ulike fokusgrupper (barn, vaksne, eldre og funksjonshemma) med tilhøyrande tiltakskort.

2.2 Visjon for kommunane:

«Et liv utan vald»



2.3 Kort om kommunane

Haugalandet er ei halvøy mellom Bømlafjorden i Hordaland og Boknafjorden i Rogaland, avgrensa i aust av det 9 km lange eidet mellom Ølensfjorden og Sandeidfjorden. Etne og den nordlige delen (Sveio) ligg i Sunnhordland. Resten av halvøya og øyene sør og vest for denne utgjer distriktet Haugaland, og i tillegg Sauda og Suldal, i Rogaland fylke, med til saman omlag 107 000 innbyggjarar (1. januar 2015) fordelt på dei 10 kommunane Bokn, Sveio, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Sauda, Etne og Suldal. Innbyggjargrunnlaget for denne planen er om lag 67 000, då planen ikkje omhandlar Haugesund.

Regionsenteret på Haugalandet er byen Haugesund. På indre Haugalandet er det eit mindre regionsenter i Ølen, med dei fleste sentrumsfunksjonane. Dei andre byane i området er Åkrehamn, Kopervik og Skudeneshavn, som alle ligg i Karmøy kommune.

2.4 Om handlingsplanen

2.4.1 Mål og mandat

Målet med handlingsplanen er at ein gjennom å auke kunnskap og samhandling mellom dei ulike tenesteytarane i kommunen og øvrig hjelpeapparat som politi og rettsvesen, skal bli betre på

- Informasjon, førebyggjande og holdningsskapande arbeid
- Gi betre informasjon og hjelp til utsette generelt, og til sårbare grupper spesielt
- Ha en god oversikt over utbredelsen av Vald i nære relasjonar i kommunane
- Sjå ulike tiltak og virkemiddel i samanheng
- Trygge og støtte tilsette som har mistanke om, eller avdekker Vald i nære relasjonar
- Ha tydelege samhandlingsrutinar
- Rask agering når saker oppstår
- Ta mistanke om Vald i nære relasjonar på alvor
- Bidra til helskapleg og samordna bistand til valdsutsette

2.4.2 Prosjektorganisering

Oppdragsgjevar: Rådmannsgruppa på Haugalandet

NAVN	Stilling	Kommune
Ingunn Toft (Prosjektleder)	Kommunalsjef	Bokn kommune
Guro Thorsheim	Barnevernleder	Sveio kommune
Stine Heinz Enge	Barnevernleder/PP leder	Tysvær kommune
Helene Harris-Christensen	Bosetter og integreringsveileder	Tysvær kommune
Hilde Høyland	Helseleder	Etne kommune
Björg Klungland	Psykisk helseteneste	Etne kommune
Brit Nelly Ness Tveit	Barne- og familieretterleder	Vindafjord kommune
May Doris Fagerland	Rus og psykisk helseteneste	Karmøy kommune
Nina Mosbron	Folkehelsekoordinator	Suldal kommune
Gro Helland	Psykisk helse	Suldal kommune
Hege Michalsen	Barnevernleder	Sauda kommune
Merete Herheim	Barne og familieretterleder	Sauda kommune

Eksterne ressursar:

May Lise Skogøy	Dagleg leder	Krisesenteret Hgsd
Britt Helen Aasbø	Dagleg leder	Krisesenteret Vest IKS
Geir Johnny Olsen	Spesialkonsulent	RVTS

Gruppa har ei brei fagleg samansetnad og representerar skule, barnehage, PPT, barnevern, folkehelse, rus, psykisk helse, barne- og familieretterledarar, helse/pleie og omsorg samt flyktingteneste.

2.4.3 Målgruppe i handlingsplanen

Handlingsplanen med tilhørende tiltakskort har lagt vekt på å sikre einskapleg og kvalitativ førebygging og oppfølging av vald mot barn og unge, vaksne, eldre og funksjonshemma, herunder utsett for vald og mistanke om dette. Ved å førebygga, samt å oppdage vald, gis barn og ungdom større tryggleik, slik at dei får større læringsutbytte både i barnehagen og skulen, samt betre oppvekstvilkår.

Politiet har definert vald i nære relasjonar slik:

Vald eller truslar om vald ovanfor personar som er eller har vore gift, eller som lever i eit ekteskapsliknande forhold. Det gjeld og sysken, barn, foreldre, besteforeldre og andre i rett opp- eller nestigande line, samt adoptiv-, foster- og steforhold.

Valdsutøvinga er uavhengig av stad. (Politi.no)



2.5 Definisjoner

2.5.1 Kva er vald?

Eit skille på ulike former for vald går mellom grov gjentakande vald og/ eller kontrollerande vald på den eine sida, og episodisk vald som ikke nødvendigvis gjenspeiler eit skeivt maktforhold på den andre sida.

Episodisk vald har ingen klar kjønnsprofil, men menn og kvinner er usette og utøvarar i tilnærma like stor grad. Når det gjeld dei alvorlegaste forma for overgrep og brutalitet er det derimot ein tydelig kjønnsprofil.

Det rammer i størst grad kvinner, og det er i hovudsak menn som er utøvarar. Vald kan utførast både fysisk og psykisk og er i hovudsak ei handling som påfører ein annan person skade eller smerte.

2.5.2 Ulike typar vald

Fysisk vald

Fysisk vald er å påføre smerte, kroppsleg skade eller sykdom ved slag, spark, lugging, klyping, biting, kasting, brenning, skålding, risting («shaken baby syndrom») og liknande. I dei alvorlegeste tilfella forgiftning, drapsforsøk og drap.

Psykisk vald

Psykisk vald er all bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som kontrollerar, skadar eller krenkjer og som ikkje er direkte fysiske i sin natur, eller måtar å styra eller dominera andre på ved hjelp av ein bakanforliggjande makt eller trussel.

Materiell vald

Handlingar retta mot ting eller gjenstandar. Det kan innebere å slå inn vegger, dører eller vinduer, kaste og rasera inventar, knuse eller øydelegge gjenstander eller rive istykker klede.

Seksualisert vald

Seksuelle overgrep omfattar mellom anna blotting, kikking, fotografering, verbale kommentarar av seksuell karakter, seksuelt prega berøring, onani, oralsex, samleie, innføring av gjenstandar i kroppen sine hulrom mm, samt all berøring mot eigen vilje.

Latent vald

Vald som virker i kraft av sin moglegheit, å leve i konstant frykt for nye valdsepisodar. Risikoen for ny vald styrer all åtferd, og vert ein strategi for å unngå ny vald.

Økonomisk vald

Dette er en form for vald som kan komme til uttrykk ved at partneren vert hindra i å rå over sin eigen økonomi.

Grooming- internettrelatert seksuelle overgrep

Grooming er prosessen hvor en voksen vert venner med, og oppretter ein emosjonell kontakt med eit barn, for så å avtale eit møte slik at det vert mogleg for den voksne å ha seksuell omgang med barnet. Et typisk hendelsesforløp i en groomingsak, vil ofte begynne med kontakt over internett.

Ære og æresrelatert vald (tvangsekteskap, omskjæring, kjønnslemlestelse)

Tvangsekteskap og kjønnslemlesting også former for Vald i nære relasjonar. Tvangsekteskap og kjønnslemlestelse krev ein særleg innsats. Regjeringa har utarbeidd ein eigen handlingsplan på dette området; Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlege begrensninger av unges frihet (2013-2017).

Ære er et positivt omgrep som vert sett på som sosial anerkjenning, sjølvkjensle og sjølvrespekt. Ære er eit spørsmål om velferd, status og posisjon. Verdiane varierar mellom ulike kulturar og samfunn.

2.6 Statleg arbeid, nasjonale meldingar og føringar

I november 1999 la regjeringa fram handlingsplanen «*Tryggleik i sentrum*» som omhandlar vald på offentlig stad. Merksemd vert særleg retta mot den private valden, nærare bestemt vald mot kvinner.

I april 2003 blei *St. meld nr 29 (2002 – 2003) Om familien- forpliktende samliv og foreldreskap («Familiemeldingen»)* fremma. Temaet Vald i nære relasjonar er særleg drøfta i kapittel 6. I desember 2003 presenterte Kvinnevaldsutvalget *NOU 2003:31 Retten til et liv utan vald*. Denne omhandla menns vald mot kvinner i nære relasjonar.

I juni 2004 kom *Handlingsplanen Vald i nære relasjonar*. Planen inneheld 30 konkrete tiltak, som kan deles inn i følgjande fire hovudområder:

- Samarbeidskompetansen og kunnskapen i hjelpeapparatet styrkast
- Vald i nære relasjonar skal synleggjerast og førebyggjast gjennom haldningsendringar
- Ofre for Vald i nære relasjonar skal sikrast tilstrekkelig hjelp, beskyttelse og bistand
- Valdsspiralen skal brytast ved å styrke behandlingstilbodet til valdsutøvar

I desember 2007 kom ein oppdatert handlingsplan (*Vendepunkt*) 2008 – 2011, med 50 delvis nye tiltak. Gjennom desse 50 tiltaka ville regjeringa styrke innsatsen mot Vald i nære relasjonar ytterlegare. «Vendepunkt» framheva lokale handlingsplanar som viktige reiskap for å sikre tilrettelagte heilskaplege tilbod for dei som vert utsett for Vald i nære relasjonar.

Denne er seinere fulgt opp i 2011 med *Status handlingsplanen mot Vald i nære relasjonar* og i 2012 *Handlingsplan mot Vald i nære relasjonar*.

I 2013 kom regjeringa med handlingsplanen «*Et liv uten vald 2014 - 2017*»

På tilgrensa områder har regjeringa laga ein eigen *Handlingsplan mot tvangsekteskap for perioden 2008 – 2011*. Den gir ein samla presentasjon av korleis regjeringa vil styrka og vidareutvikla innsats mot tvangsekteskap. Planen inneheld både førebyggjande tiltak og hjelpetiltak.

2.7 Kommunane sitt ansvar

Etter norsk lov er kommunen plikta til å gi sine innbyggjarar, og valdsutsette, eit forsvarlig tilbod. I høve til kommunale tenester er sosialtenestelova, opplæringslova, helse- og omsorgstenestelova, samt barnevernslova sentrale rettighetslover. Vidare gir forvaltningslova utfyllande regler om kommunen si opplysnings- og rettleiingsplikt.

Kommunen skal ved si helseteneste og opplæring fremme folkehelse, trivnad og gode sosiale og miljømessige forhold, samt å førebygga og behandle sykdom, skade eller lyte. Den skal spre opplysning om og auke interessa for kva den einskilde sjølv og allmennheten kan gjere for å fremme sin eigen trivnad, sunnhet og folkehelsa.

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rett tid, samt bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Gjennom desse bestemmelsane har kommunen eit ansvar for å påse at lovas formål vert ivareteke ovanfor valdsutsette.

3.0 Kunnskapsgrunnlag for handlingsplanen

3.1 Dagens utfordringsbilette

Bruk av vald er i strid med norsk lov, og det er angrep på grunnleggande menneskerettar. Vald i nære relasjonar er straffbare handlingar på lik line med vald som skjer i andre samanhenger.

I tillegg til dei synlege og umiddelbare fysiske skadene som valden førar til, er det klare samanhenger mellom vald og seinare fysisk og psykisk uhelse. Verknader og omfanget fortel oss at vi står ovanfor eit alvorleg folkehelseproblem. Vald i nære relasjonar har og store sosiale verknader. Å delta aktivt i samfunnet vert redusert, og kan føre til isolasjon, økonomiske problem og arbeidsløyse. Den samfunnsøkonomiske analysen av Vald i nære relasjonar som blei offentleggjort i 2012, anslår at denne valden kostar det norske samfunn mellom 4,5 og 6 milliardar kroner årleg gjennom auka behov for hjelpetiltak i skular, psykiatrien, fysisk helsehjelp, barneverntiltak, øka behov for politiressursar mm. (*www.vista-analyse.no 2013*). Vald som føregår i nære relasjonar er utfordrande. Det kan være vanskeleg å melde ein nærstående person.

Utfordringane knytt seg til kvalitet på tenesta innanfor den strukturen som allereie ligg føre, samt samarbeid og samordning innanfor og mellom dei einskilde tenestene. Det er også viktig å ha fokus på den førebyggjande innsatsen. Erfaringsmessig vil førebygging på eit tidlig tidspunkt kunne redusere valden, hindre at vald oppstår samt stanse pågående vald.

3.1.1 Status Noreg

Omfanget av Vald i nære relasjonar er vanskeleg å fastslå. Mørketala er store. Statistikk frå politiet og krisesentertilbodet kan gi oss indikasjonar på omfanget av Vald i nære relasjonar som et samfunnsproblem i Noreg.

I 2012 overnatta 1929 kvinner, 117 menn og 1763 barn på eit av landets krisesentre. Same år registrerte politiet 2557 meldingar om vald i familieforhold (straffelova § 219). Kor grov valden har vært, har og betydning for anmeldelsestilbøyeligheten. Ein reknar med at kun rundt 25 % av valden kvinner vert utsatt for er av nærstående vert meldt. Tall frå Statistisk sentralbyrå (*www.ssb.no*) viser at menn i hovudsak vert utsett for vald frå heilt eller delvis ukjend valdsutøvar på offentleg stad, medan kvinner i større grad opplever å bli utsett for vald i nære relasjonar og i sitt nærmiljø.

Ulike omfangsundersøkingar viser at dei mest utbreidde og minst alvorlege forma for vald mot partner rammer menn i like stor grad som kvinner. Dei mest alvorlege formene for vald og overgrep er det derimot flest kvinner som vert utsett for. Basert på omfangsundersøkingar gjennomført de siste årene anslås det at mellom 75 000 og 150 000 personer årlig vert utsatt for vald i nære relasjonar i Noreg. Vald i nære relasjonar kan i yttarste grad føre til tap av liv. Sju av 28 registrerte drap i Noreg i 2012 vart begått av noverande eller tidlegare partner (gift eller samboande). Seks av ofra var kvinner, ein var mann. Dei siste 10 åra er 63 kvinner drepen av noverande eller tidlegare partner. Mellom 20 og 30 prosent av drapa som vert gjort er drap på noverande eller tidlegare partner.

Samanlikna med andre land har Noreg et lågt valdsnivå (*Saur, Hustad, og Heir, Valdsførebygging i Noreg, rapport 3:2011*) Det kan forklarast med at Noreg er eit forholdsvis kjønnslikt samfunn, har låg arbeidsløyse, har god tilgang til utdanning, god økonomi og inntektsfordeling samanlikna med andre land. Førekosten

av vald er i midlertidig og her høgare i befolkningsgrupper som er avhengige av offentlege ytingar, som er arbeidslaus og har lågare utdanning (*Saur, Hustad, og Heir, Valdsførebygging i Noreg, rapport 3:2011*). Sjølv om tala for valdsforekomst har endra seg dei siste årene, viser kriminalstatistikken ei auke i tal på meldte valdsaker.

Det er vanskelig å finne oversikter over eksakte tall på æresrelatert vald grunna store mørketal. Ein stor del av valden som ikke-vestlige innvandrarakar vert utsett for skjer internt i familien eller i omgangskretsen, og fleire er registrert som gjerningspersonar i same periode som de er registrert som ofre.

3.2 Valden sin særlege karakter

Vald i nære relasjonar har særtrekk som skil denne valden frå anna vald. Der anna vald ofte er ei engangshending med ein gjerningsperson som er ukjent for offeret, vert vald i nære relasjonar ofte utøvd i det skjulte, er gjentakande og personane som er råka er betydningsfulle i kvarandre sine liv gjennom felles historie, gjensidige pliktarr og er ofte avhengig av kvarandre. Derfor vert verknadene ofte meir alvorlege enn for annan vald. Den som vert utsett for valden bebreider ofte seg sjølv, og opplever skam og kjensle av skuld. Sjølv om valden er synlig og kjent, kan ein likevel vegre seg for å gripe inn i det som vert opplevd som private forhold. Dette bidreg til å halde overgrepa skjult for dei som kan yte hjelp. Kunnskap om valden sin karakter og særtrekk er nødvendig for at politi og hjelpeapparat skal kunne avdekke valden og gi god og riktig hjelp.

3.3 Verknader av vald og seksuelle overgrep

I tillegg til dei synlege og umiddelbare skadane, kjem seinverknader i form av fare for at offeret/offera får både fysiske og psykiske seinskadar. Offer for partnervald opplever ofte:

- Frykt for nye valdsepisodar
- Frykt for liv og helse
- Frykt for reaksjonar frå sosiale relasjonar, familie og nettverk elles
- Frykt for tap av samvær med barn
- Frykt for at barnet må ha samvær med valdsutøvar
- Frykt for å bli isolert
- Frykt for at økonomien vil bryte saman dersom ein bryt ut av parforholdet
- Nedbroten sjølvtilitt og manglande tru på at ein kan klare eit sjølvstendig liv

Barn som erfarer vald mot seg sjølv eller omsorgsperson, og som lever i konstant redsle for ny vald, kan få skadeverknader som:

- Psykososiale vanskar
- Depresjon
- Angst for tap av mor/far
- Angst for at dei sjølv skal bli råka
- Krav til seg sjølv om å ta på seg verjerolla
- Krav til seg sjølv om å avleie situasjonen

- Valdsåtferd mot andre
- Lågare sosial kompetanse
- Sinne og avmakt
- Åtferdsvanskar
- Konsentrasjonsvanskar

3.4 Formelle bestemmelsar

3.4.1 Regelverk – forholdet mellom forvaltningslova og særlovgivningen

For tilsette i politiet som handsamer straffesakar, helsepersonell som utøver sin profesjon og dei som utfører arbeid eller teneste for eit familievernkontor, følger reglane om teieplikt, opplysningsplikt og adgangen til å vidareformidle opplysningar av egne bestemmelsar i henholdsvis straffeprosesslova, helsepersonellova og familievernkontorlova.

3.4.2 Teieplikt

Det er grunnleggande for tillitsforholdet mellom helsepersonell og befolkningen at teieplikta vert ivareteke. Teieplikta skal bidra til at personar søker helsetenesta og god informasjon, også sensitiv informasjon, utan frykt for at informasjonen vert vidareformidla til uvedkommande. Teieplikta utgjør eit sentralt element av personvernet.

Forvaltningslova inneheld reglar om teieplikt for tilsette i forvaltninga. Forvaltningslova gjeld for den verksemda som drives av organ for stat, fylkeskommune og kommune. Dette betyr at sosialtenesta, skuleverket, barneverntenesta og sykehusa er underlagt forvaltningslovas bestemmelsar om teieplikt. Helsepersonell har yrkesmessig teieplikt. For desse gjelder først og fremst reglane i **Helsepersonellova** om yrkesmessig teieplikt.

For skuleverket følger det av **Opplæringslova** at teiepliktsreglane i forvaltningslova kommer til anvending, og at dei også gjeld for private skular med offentleg godkjenning. Og **Sosialtenestelova** og **Barnevernlova** viser til forvaltningslova sine reglar og gjer dei gjeldande for etaten sine tenestemenn. Men for sosialtenesta og barnevernet er det gjort viktige avgrensingar i kva unntak frå teieplikt som kjem til anvending.

3.4.3 Unntak frå teieplikta

Teieplikta er ikkje absolutt. Unntaka frå teieplikta kan delast i to kategoriar; unntak som gir helsepersonell *opplysningsrett* og unntak som pålegg helsepersonell *opplysningsplikt* eller *meldeplikt*.

Opplysningsrett innebærer at tilsette *kan*, men ikke pliktar å utlevere taushetsbelagte opplysningar. I desse situasjonane kan teieplikten opphevast ved samtykke frå pasienten sjølv. *Opplysningsplikt* og *meldeplikt* inneber at tilsette i visse situasjonar skal gje opplysningar vidare utan hinder av teieplikta, til dømes til naudetatar og barnevern og i samband med fødselar, dødsfall og betydeleg personskade. Opplysningsplikta

er regulert i helsepersonellova. Helsepersonell kan og ha ei plikt til å gje opplysningar vidare etter straffelova for å avverge nærmare bestemte straffbare handlingar (avvergingsplikta).

Av lov om sosialtenester og lov om barneverntenester fremgår det at unntakene i forvaltningslova ikkje gjeld for sosialtenesta og barnevernet. Dette betyr kort at sosialtenesta og barneverntenesta ikkje kan gje opplysningar til andre forvaltningsorga. Den skjerpa teieplikta inneber at barnevernet og sosialtenesta ikkje kan gje opplysningar til andre forvaltningsorgan utan at det ligg føre samtykkeerklæring frå klienten.

Opplysningar kan og gis når det er naudsynt å gje andre forvaltningsorgan opplysningar for å fremme sosialtenesta eller barneverntenesta sine oppgåver eller det er naudsynt å avgje opplysningar for å førebygga vesentleg fare for liv og helse. Både sosiallova og barnevernlova inneheld altså bestemmelser som opnar for at informasjon kan gis når dette fremmer henholdsvis barneverntenesta og sosialtenesta sine oppgåver. Dette er bestemmelser som svarar til det viktigaste unntaket i forvaltningslova. Ellers kan informasjon kun gis når det ligg føre vesentleg fare for liv, eller skade på noen si helse.

3.4.4 Opplysningsplikta til Barnevernstenesta

Opplysningsplikta til Barnevernstenesta inneber at opplysningar skal gis utan hinder av teieplikta. Plikta til å gje opplysninger gjelder både av eige tiltak og etter pålegg frå Barnevernstenesta. Opplysningsplikta til Barnevernstenesta følger av Barnevernlova. Når opplysningsplikten ligg føre skal opplysningane utan hinder av teieplikta umiddelbart gis vidare til Barnevernstenesta. Opplysningsplikta gjeld når det er *grunn til å tro* at et barn vert mishandla i heimmet eller det foreligger andre former for alvorleg omsorgssvikt.

Opplysningsplikten er således avgrensa til alvorlege tilfeller. Det at barn ikke lever under optimale forhold, vil ikke vere nok til å utløyse opplysningsplikta.

Barnevernstenesta er gjeve eit særleg ansvar for å sikre at barn som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. For at barnevernet skal kunne ivareta dette ansvaret ovafor barn som vert utsett for vald i familien, er barnevernstenesta avhengig av å motta opplysningar frå andre som kjenner barnet sin situasjon.

Opplysningsplikta gjeld for alle offentlege instansar og tenester, offentlege tilsette og alle andre som utfører tenester for desse.

3.4.5 Politiets opplysningsplikt

Dersom politiet får kjennskap til eller mistanke om at barn vert mishandla av foreldra, føresatte eller andre som barnet bur saman med, skal det straks meldes frå om dette til barneverntenesta. Politiets plikt går i visse tilfeller noe lenger enn det som følger av barnevernlova. Påtaleinstruksen pålegg politiet å underrette barneverntenesta om bruk av tvangsmidlar eller andre etterforskingsskritt dersom det er grunn til å tro at det samtidig bør settast i verk tiltak ovafor barnet.

3.5 Plikt til å melde eller på anna måte avverge alvorlege forbrytelser; Straffelovas § 139 (avvergelsesplikt)

Alle har ei generell plikt til å førebygga, samt å oppdage vald, gis barn og ungdom større tryggleik, slik at dei får større læringsutbytte både i barnehagen og skulen, samt betre oppvekstvilkår. Plikta gjelder derfor

ikkje dersom den aktuelle valdshandlinga allereie er gjennomført, og det ikkje er tale om å førebygge ny vald eller følgjande av valden.

For andre instansar og tenester enn barneverntenesta vil det å gje barnevernjenesta opplysningar om at et barn er utsett for slike alvorlege forbrytelsar i en del tilfeller kunne vere ein annan måte å avverge forbrytelsen på enn ved å melde forholdet til politiet. I einsskilde tilfeller vil imidlertid det å gje opplysningar til barneverntenesta ikkje gje barnet tilstrekkeleg beskyttelse raskt nok. I slike tilfeller kan einaste alternativ vere å melde forholdet til politiet.

Barneverntenesta har den samme plikta til å melde eller på annan måte avverge alvorlege forbrytelsar som andre instansar og tenester.

4.0 Samhandling og førebygging

4.1 Samhandling

Handtering av valds- og overgrepssaker krev ein ansvars- og ei rollefordeling mellom dei offentlige instansane. Fordi kvar einskild sak er unik, er det nødvendig at det vert samhandla mellom dei ulike aktørane. All erfaring tilseier at dette vert best gjennom etablerte samhandlingsarenaer. Ulike tenester og instansar har forskjellige roller og dermed forskjellige oppgåver i høve til vold i familiar. Rollene kan og variera ut frå kva fase saka er i:

- Oppdagingsfasen (når det oppstår mistanke eller visshet om at nokon er utsett for vald i familien)
- Utredningsfasen (når situasjonen vert utreda nærmare)
- Tiltaksfasen (når familien vert fulgt opp ved at tiltak vert iverksett)

4.2 Førebygging

God førebygging sparer samfunnet for store menneskelege og økonomiske kostnader og er slik ei investering i framtida. Erfaring viser imidlertid at førebygging ikkje er prioritert i tilstrekkeleg grad. Det langsiktige førebyggande arbeidet må ofte vike for det akutte og situasjonsbestemte. Resultata av førebyggande innsats ser ein gjerne på lengre sikt. Dette kan vere ei utfordring når effekt vert vurdert gjennom evna til å levere raske, håndfaste og lett målbare resultat. I tillegg til å være langsiktige, framtrer ofte gevinstane av førebyggande innsats på andre steder enn der kostnadene påløper. Gevinstane kan også vere spredt over fleire sektorar.

Et godt kommunalt folkehelsearbeid med fokus på utjamning av sosiale helseforskjellar vil være god førebygging med omsyn til vald i nære relasjonar. Forsking viser at det er ein høgare førekomst av vald i befolkningsgrupper som er avhengige av velferdsytingar (trygd og sosialhjelp), som er utan arbeid og som har låg utdanning. Det kan derfor synast som om høgare utdanning, stabil tilknytning til arbeidsmarknaden og stabil økonomi fungerer som beskyttelsesfaktorar mot utsette for vald i nære relasjonar. Å førebygga fattigdom og avhengighet av trygdeytingar i yrkesaktiv alder kan dermed føre til reduksjon av førekomst av vald på sikt. Samanhengen mellom vald i nære relasjonar og bruk av rusmidlar er kompleks, men mye vald

vert utøvd i ruspåvirka tilstand. Tilsvarande kan rusavhengighet vere resultat av å vere utsett for vald. Vald i nære relasjonar kan såleis reduserast ved å redusere totalkonsumet av alkohol.



5.0 Eksisterande tilbod i Haugalandregionen

Det er ofte glidande overgangar mellom oppdagarrolla og behandlarrolla. Arbeidet med valdsproblematikk i nære relasjonar krev ofte tverretatleg og tverrfagleg innsats. Involverte tenester kan vera krisesenter, familievernkontor, spesialisthelseteneste, skule, barnehage, vaksenopplæring, NAV med sine ulike tenester, pleie og omsorg, barnevern, fastlege, førebyggjande helse, politi m.fl. Tildeling av valdsalarm, besøksforbod og straffeforfølgning er døme på nokre tiltak som politiet kan setje inn.

Valdsutsette skal kunne få hjelp til å kontakte politi og advokat.

Krisesenteret Stord/Haugesund

Krisesenter vest IKS er et interkommunalt selskap som er eigd av 17 eigarkommunar. Det er to avdelingar, Haugesund og Stord. Krisesenteret er eit lovpålagt gratis lågterskeltilbod. Det trengs inga henvisning og det er inga ventetid. Krisesenteret gir eit tilbod til kvinner, barn og menn som er utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Krisesenteret gir tilbod om eit midlertidig akutt butilbod eller dagtilbod, samt oppfølging i reetableringsfasen. Det gis og informasjon om rettar og moglegheiter og det gis tilbod om støttesamtalar. Krisesenteret kan vidareformidla kontakt med det øvrige hjelpeapparatet, advokat og politi. Dei tilsette har kompetanse innan psykiatri, barn og unge, pedagogikk og fleirkulturell forståing.

Politiet

Politiet sitt arbeid mot familievald er høgt prioritert. Det er egne koordinatorar for familievald og seksuelle overgrep i alle politidistrikt. Ei viktig oppgåve for politiet er å redusera omfanget av vald og truslar.

Førebyggjande og etterfølgjande tiltak skal saman bidra til minst mogleg kriminalitet, herunder Vald i nære relasjonar. Tidlig og adekvat inngripen frå politiet si side vil kunne hindre utvikling av ein vidare valdsspiral.

Familievernkontor

Familievernkontora gir hjelp til foreldre og barn når vald førekjem i familien. Familievernkontoret på Stord tilbyr behandling til familiar som opplev vald. Kontoret kan tilby behandling for valdsutøvar og valdsutsette. Tilbodet er gratis. Det er ikkje nødvendig med tilvising.

Spesialisthelsetenesta

Helse Fonna tilbyr kurs i sinnemestring. Fastlege kan tilvise. Helse fonna (Lærings og mestringsenteret) har jamnleg kurs i sinnemestring som går over 15 kurskveldar. Kursa vert haldne i Haugesund eller Stord etter behov. Det kan vere 4-8 deltakarar og tidlegare deltakarar har gjeve gode tilbakemeldingar på tilbodet. Kommunane kan ta kontakt med Lærings og mestringsenteret for informasjon om tilbodet.

Kommunale tenester

Fleire kommunale tenester har kompetanse og kan gi tilbod om individuell oppfølging. Dette gjeld m a helsestasjon, rus- og psykisk helsearbeidarar. I tillegg kjem kompetanse i skule og barnehagar i høve barn.

Barnevernstenesta

Barn som opplever vald i heimen, er i ein uholdbar omsorgssituasjon, med risiko for at dei vert utrygge og får redusert livskvalitet både som barn og seinare i vaksen alder. Skadeverknader med å leve i ein familie der det førekjem vald mellom vaksne, er dei same som om barnet vert utsett for direkte vald.

Barnevernstenesta får dermed ein spesiell rolle i mange av desse sakene. Her finst det kompetanse på familiebehandling og samarbeid med barn.

PPT tenesta

Tenesta har god kompetanse og oppfylging med barn av ulike årsakar. Tenesta har og et bredt samarbeid med andre interne og eksterne samarbeidspartar.

Andre kompetanse- og rettleiingsressursar

BUF-etat og RVTS (Ressurscenter mot vald og traumatisk stress, region vest) har kompetanse og kan gje bistand og rettleiing samt kompetanseheving.

6.0 Ressursliste

Her er lista opp andre instanser som kan vere til hjelp ved mistanke eller etter avdekking av vald:

-Legevakt

-Helse fonna, valdtekstmottak

-Helsestasjon

-Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT) og OTPPT

-NAV

-Fastlege

-Barne og ungdomspsykiatrisk (BUP)

-Distrikt psykiatrisk senter (DPS)

-Konfliktrådet i Haugaland og Sunnhordaland

-Regionalt Ressurssenter om vold, traumatisk stress eller selvmordsforebygging (RVTS)

-Alternativ til vold

-Statens barnehus Bergen/Stavanger

-Landsforeningen til voldsofre

-Vern for eldre

-Alarmtelefonen 116-111 – alarmtelefonen for barn og unge

-Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep i Hordaland (SMISO) avd Stord og Bergen

-Røde kors- telefonen 815 55 201

-SEIF (Selvhjelp for innvandrere og flyktninger)

-Advokatbistand

-Reform - ressursenter for menn

-DIXI Landsforeningen for voldtatte

-Rådgivningskontora for kriminalitetsutsatte

-hvorlite.no

-www.vernforeldre.no

7.0 Evaluering og rullering

Planen skal evaluerast årleg (innan 1. kvartal), og rullerast innan utgong av 2019.

Prosjektleiari kallar inn arbeidsgruppa for evaluering.

VEDLEGG

- **Tiltakskort for einskildsaker**

1 Barn

2 Vaksne

3 Eldre

4 Funksjonshemma

Tiltakskort 1 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot **BARN**

- **«Ta i mot» det som blir sagt, repeter det barnet seier og sei: Fortel meir om det! (Bruk opne spørsmål/setningar). Sei det var bra barnet sa frå** «om dette, og at dette må vi snakka meir om seinare. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av barnet på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner barnet.
- **Informér leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, kontakte barneverntenesta.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil sei at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.

-Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til barnevern/representere verksemda.

-Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til opplysningsplikta til barnevernet.

- **I dei tilfella det er knytt uvisse til om barnet kan vere utsett for overgrep frå foreldre/fosterforeldre/søsken/stesøsken, skal det IKKJE takast kontakt med foreldre/føresette.**
- Ved akutte situasjonar kor der er grunn til å tru at barn har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tar ein direkte kontakt med barneverntenesta/leiar.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er uforsvarleg å sende barnet heim etter endt barnehage/skule, eller kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av barneverntenesta.

- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vere klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Tiltakskort 2 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot Vaksne

- **Signal som kan vere teikn på vald:**

- Hyppige sjukmeldingar, hyppige legebesøk, ofte med difuse symptom.
- Avtalar vert endra eller kansellert, personen har vanskeleg for å komme heimefrå.
- Personen motset seg hjelp som krev innsyn i familien/par-relasjonen.
- Personen er stadig blakk.
- Personen kjem sjeldan til avtalar, ektefelle/partnar er ofte med.
- Auka bruk av legemidlar eller alkohol.
- Knuste egedeler, hol i dørar og veggjar (ved heimebesøk)

- **Våg å spørje;**

Innleiing til samtale – «Mange eg treff i jobbsamanheng har vore utsett for vald eller truslar om vald frå partner eller familie. Eg har oppdaga at mange ikkje veit at dei kan snakke med meg om dette, og derfor har eg begynt å spørje alle;»

- Korleis er dette for deg?
- Har du vore i eit forhold der du har følt deg redd eller trua?
- Har partnaren din nokon gong skada deg?

Spørsmål om fysisk vald;

- Vert du slått, lugga, haldt fast, brent, dytta?
- Er du redd kva som kan kome til å skje med deg?

Spørsmål om psykisk vald;

- Vert du audmyka, krenka, trua eller latterliggjort?
- Føl du deg lite verdt? Føl du deg redd?
- Har den du bor med vanskar med å kontrollere sinnet, vert personen sint og oppfarande?
- Vert du kontrollert av andre? Disponera du egne pengar?

Spørsmål om barn;

- Er barnet ditt trygt?
- Er du redd dei kan bli skada?
- Kor er barna ved konflikhtar?

Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.

- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner vedkommande.
- **Informar leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil sei at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.

-Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet/representere verksemda.

-Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.

- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore utsatt for seksuelle overgrep/vald, tar ein direkte kontakt med politiet.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.

- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vere klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Tiltakskort 3 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot **ELDRE**

- **«Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei det var bra vedkommande sa frå** om dette, og ver tilgjengeleg for samtalen. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.
- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner vedkommande.
- **Informér leiar** om mistanken.
- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil sei at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.

-Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet/representere verksemda.

-Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.

- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore eller er grunn til å tru at vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tar ein direkte kontakt med politiet.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.

- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vere klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Kontakt evt **Vern for eldre**, Nasjonal kontakttelefon 800 30 196

Tiltakskort 4 – Kva skal du gjere ved mistanke om seksuelle overgrep eller vald mot Funksjonshemma

- **Fysisk teikn som kan tyde på vald:**

- Sår, avrive hår, blåmerke – særleg på hald, kloremerke, hevelsar.

- Skadar på hovud, ansikt, hals, bryst, brystkasse, armar.

- Skadar på fleire stader på kroppen og skader som er grodd i varierende grad.

- Brot, brannskadar, stikkskadar, gynekologiske smertar.

- Svimling, søvn- og spiseforstyrrelsar.

- Psykosomatiske symptom som vondt i magen, vondt i hovudet, vondt i ryggen etc.

- **«Ta i mot» det som blir sagt. Bruk opne spørsmål/setningar. Sei det var bra vedkommande sa frå** om dette, og ver tilgjengeleg for samtalen. Skriv ned det du observerer/det som blir sagt av vedkommande på ein så objektiv måte som mogleg. (Sjå rettleiing for dokumentasjon av observasjon/samtale). Dette er viktig med omsyn til dokumentasjon og truverde.

- **Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar** som og kjenner vedkommande.

- **Informer leiar** om mistanken.

- **Ved mistanke eller uttalte rykte om seksuelle overgrep/vald skal næraste leiar, evt fagleg leiar, vurdere å kontakte politiet.** Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil sei at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.

- Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til politiet/representere verksemda.

- Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Det vert her vist til avvergingsplikta.

- Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore eller det er grunn til å tru at vedkommande har vore utsett for seksuelle overgrep/vald, tar ein direkte kontakt med politiet.

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å sikre bevis. Her må det gjerast ei grundig risikovurdering av den tilsette.

- Verksemda har ansvar for vidare framdrift. Det skal vere klart for alle i verksemda kven som skal gjera kva.

Rettleiing for dokumentasjon av uro for at nokon er utsett for seksuelle overgrep eller vald

Dette er ei rettleiing i å skriftleg dokumentera informasjon ein tilsett/leiar får om vald eller seksuelle overgrep. Det kan vere viktig å har skriftleggjort mistanken/observasjonar for å sette ord på eigne vurderingar, samt nyttig i kontakt med evt politi/barnevern/rettsapparat.

Skriv ned ei detaljert skildring av kva som gjorde at du vart bekymra for at barnet kan ha vore utsett for seksuelle overgrep eller vald.

- 1) Kva var det som først gjorde deg bekymra for at nokon kan vere utsett for seksuelle overgrep eller vald? Kva skjedde? Var det noko vedkommande sa eller gjorde? Kva sa vedkommande? (ordrett – om mogleg)
 - Kva gjorde vedkommande? (konkret beskriving av åtferd)
 - Korleis var kroppsspråket/ansiktsuttrykket?
 - Fysiske teikn (t.d. blåmerke, prøv å sjå meir av kroppen – ver kreativ)
- 2) Når skjedde det?
- 3) Kor skjedde det?
- 4) Var det andre til stades?
- 5) Kva hende før vedkommande «røpte seg»?
- 6) Korleis reagerte du (evt andre) på det vedkommande sa/gjorde?
 - kva sa du til vedkommande?
 - kva gjorde du heilt konkret?
- 7) Har du snakka med vedkommande om dette før/seinare?
- 8) Kven er informert om uroa di?